



**Utval:** Ungdommens fylkesutval  
**Møtestad:** Nordhordaland, 4. etg, Fylkeshuset  
**Dato:** 05.11.2015  
**Tidspunkt:** 09:30-16:15

**Følgjande faste medlemmer møtte:**

Namn	Funksjon	Representerer
Agnes H. Bernes	Leiar	
Gard Johanson	Nestleiar	
Henrik Tvedt	Medlem	
Vegard Kleppe	Medlem	
Oda Mo Eikefet	Medlem	
Miriam Louise Seim	Medlem	
Hedda Emilie Hidle	Medlem	

**Følgjande varamedlemmer møtte:**

Namn	Møtte for	Representerer
Katrine Riber Garen		
Anniken Strønen Riise		

**Merknader**

**Fylkesvaraordførar deltok på deler av møtet.**

Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Nils Egil Vetlesand	Leiar, budsjettseksjonen
Ingeborg Borgen Takle	Rådgjevar, fylkessekretariatet

**Sakliste**

<b>Utvals- saknr</b>	<b>Innhald</b>	<b>Arkiv- saknr</b>	<b>U.Off.</b>
PS 64/15	Godkjenning av innkalling		
PS 65/15	Godkjenning av sakliste		
PS 66/15	Godkjenning av møtebok frå forrige møte		
PS 67/15	Referatsaker (Meldingar)		
RS 42/15	Større saker til politisk behandling - per oktober 2015	2015/10845	
RS 43/15	Innspeil til folkehelseplanen frå Ungdommens fylkesutval	2014/560	
RS 44/15	Oversikt kommunale ungdomsråd - per 28.10.2015	2014/560	
RS 45/15	Oversikt økonomi per 19.10.2015	2014/560	
RS 46/15	Høyringsuttale for regional areal- og transportplan for Bergensområdet	2014/560	
PS 68/15	Førebuing til hausten	2014/560	
PS 69/15	Møteplan 2016 for Ungdommens fylkesutval og Ungdommens fylkesting	2014/560	
PS 70/15	Budsjett 2016 for Hordaland fylkeskommune	2014/560	
PS 71/15	Ymse		

## **PS 64/15 Godkjenning av innkalling**

**Saksprotokoll i Ungdommens fylkesutval - 05.11.2015**

### **Vedtak**

Møteinnkallinga vart godkjent utan merknadar.

## **PS 65/15 Godkjenning av saksliste**

**Saksprotokoll i Ungdommens fylkesutval - 05.11.2015**

### **Vedtak**

Sakslista vart godkjent utan merknadar.

## **PS 66/15 Godkjenning av møtebok frå forrige møte**

**Saksprotokoll i Ungdommens fylkesutval - 05.11.2015**

### **Vedtak**

Møteboka frå 28.08.2015 vart godkjent utan merknadar.

## **PS 67/15 Referatsaker (Meldingar)**

**Saksprotokoll i Ungdommens fylkesutval - 05.11.2015**

Referatsakene vart tatt til etterretning.

**RS 42/15 Større saker til politisk behandling - per oktober 2015**

**RS 43/15 Innspel til folkehelseplanen frå Ungdommens fylkesutval**

**RS 44/15 Oversikt kommunale ungdomsråd - per 28.10.2015**

**RS 45/15 Oversikt økonomi per 19.10.2015**

**RS 46/15 Høyringsuttale for regional areal- og transportplan for Bergensområdet**

## **PS 68/15 Førebuing til hausten**

### **Forslag til avgjerd**

Saka vert lagt fram utan tilråding.

### **Saksprotokoll i Ungdommens fylkesutval - 09.06.2015**

#### **Vedtak**

Saka vart utsett til neste møte.

### **Saksprotokoll i Ungdommens fylkesutval - 28.08.2015**

#### **Vedtak**

Ungdommens fylkesutval vedtek å arrangere eit møte sjølv i oktober og at det må planleggast eit helgemøte før jul.

### **Saksprotokoll i Ungdommens fylkesutval - 05.11.2015**

Utvalet sette fram slikt forslag:

*«Utvalet vil følgje planen som tidlegare er fremja med tanke på arbeid med dei ulike områda i Ungdommens planprogram.»*

#### **Røysting**

Utvalet sitt forslag vart samrøystes vedteke.

#### **Avgjerd**

Utvalet vil følgje planen som tidlegare er fremja med tanke på arbeid med dei ulike områda i Ungdommens planprogram.

## **PS 69/15 Møteplan 2016 for Ungdommens fylkesutval og Ungdommens fylkesting**

### **Forslag til avgjerd**

Ungdommens fylkesutval vedtek møteplanen slik den føreligg. Ungdommens fylkesting vert heldt..... .

### **Saksprotokoll i Ungdommens fylkesutval - 05.11.2015**

Utvalet sette fram slikt forslag:

*«Dato for Dialogdag i 2016 vert bestemd av fylkesadministrasjonen.»*

#### **Røysting**

Fylkesadministrasjonen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Utvalet sitt forslag vart samrøystes vedteke.

#### **Avgjerd**

Ungdommens fylkesutval vedtek møteplanen slik den føreligg. Ungdommens fylkesting vert heldt 12.-14. februar. Dato for Dialogdag i 2016 vert bestemd av fylkesadministrasjonen.

## **PS 70/15 Budsjett 2016 for Hordaland fylkeskommune**

### **Forslag til avgjerd**

Ungdommens fylkesutval vedtek å kome med slikt uttale til budsjett 2016 for Hordaland fylkeskommune:

### **Saksprotokoll i Ungdommens fylkesutval - 05.11.2015**

Oda Mo Eikefet, kultur og ressurs, sette fram slikt oversendingsforslag til fylkesordfører, gruppeleiarar og utvalsleiarar for kultur, idrett og regional utvikling, miljø og samferdsel og opplæring og helse:

*«Ungdommens fylkesutval stiller seg positive til auken frå 200 000 til 400 000, i budsjettposten "utlån av fylkeskommunale gymsalar", då dette er eit nyttig tilbod for barn og unge.»*

Hedda Emilie Hidle, samferdsel, sette fram slikt oversendingsforslag til fylkesordfører, gruppeleiarar og utvalsleiarar for kultur, idrett og regional utvikling, miljø og samferdsel og opplæring og helse:

*«Eit av måla til Ungdommens fylkesting er at «Hordaland fylkeskommune må arbeide for å gjere kollektivtransport meir attraktiv for ungdom». Under dette målet er det tre tiltak:*

*a. UFT meiner at prisen på ungdomskort ikkje bør overskride 45% av pris for periodeskyss for vaksne per måned. UFU ser at UngSkyss nå er 46,8% av vaksenbillett. Det er viktig for ungdom å ha eit bra og rimeleg kollektivtilbod, da dette er ein målgruppe som ikkje har tilgang til bil. Særleg i distrikta, med lengre avstandar, er det viktig å kunne kome seg til dei tilboda som er, og da er det eit hinder om prisen vert for høg. Det vil gjere terskelen for deltaking for ungdom høgare dersom pris for transport vert på eit slikt nivå at ungdomane sjølve eller familiane deira ikkje kan dekke det. UFU ber derfor politikarane om å sjå til at UngSkyss vert redusert til 350 kr, som er 45% av vaksenbillett. Ved å halde seg til 45% vil Skyss kunne sikre ein jamn utvikling som er i tråd med prinsippet om at ungdom skal ha ein redusert pris.*

*f. UFU skal arbeide for gratis internett på kollektivtransport i fylket. UFU skal arbeide for at det blir gratis internett på all kollektivtransport i fylket. Det er viktig å gjere kollektivtransport mest mogleg attraktivt for andre, særskild ungdom. Internett er noko som kan hjelpe ungdommen å få sendt skulearbeid medan dei sit på bussen. Det ynskjeleg at det blir ført opp ein post til arbeid med å opprette gratis internett på all kollektivtransport.*

*h. UFU skal jobbe for at ungdomskortet til skyss også skal gjelde busstider med nattakst. Nattakst har vert eit stort hinder for ungdommar å bruke kollektivtransport om natta. Det er viktig å ha eit rimelig tilbod, også om natta, slik at folk kjem seg trygt heim. Det er derfor ynskeleg at nattaksten også skal gjelde med ungdomskortet, eller fjernast.*

*UFU ser at tiltaka vi ønskjer å få gjennomført vil vere ein kostnad for fylkeskommunen. Vi meiner at dette er ein prioriteringssak og at politikarane ved å gjere slike tiltak visar at dei prioriterer ungdom. Når det er sagt ønskjer UFU å jobba mot generasjonsdiskriminering ved å føreslå at rabatt for honnørbillett og studentbillett vert jamstelt. På den måten ser UFU at fylkeskommunen kan dekke inn ein del av tapet ein gjer ved til dømes å halde UngSkyss til 45% av vaksenbillett.»*

Vegard Kleppe, opplæring og helse, sette fram slikt oversendingsforslag til fylkesordfører, gruppeleiarar og utvalsleiarar for kultur, idrett og regional utvikling, miljø og samferdsel og opplæring og helse:

*«Ungdommens fylkesting ynskjer midlar til at talet rådgivarar, samt deira stillingsprosent og tilgjengelegheit, skal reflektere talet elevar ved skulen dei er rådgivar på. Uavhengig av elevtalet bør skulane ha rådgivar med minimum 70% stilling.*

*Ungdommens fylkesting ynskjer midlar til å opprette eit elev- og lærling ombod. Vi foreslår derfor en budsjettpost under opplæring og helse der det blir satt av MNOK 1. Dette talet har vi frå at vi har sett på dei ulike fylkane rundt, der vi fann ut at Sogn og Fjordane har 834.000kr sidan 2013, og det står same tal frem til 2017 i deira budsjett.»*

## **Røysting**

Mo Eikefet sitt forslag vart oversendt på vegner av utvalet utan realitetsbehandling.

Hidle sitt forslag vart oversendt på vegner av utvalet utan realitetsbehandling.

Kleppe sitt forslag vart oversendt på vegner av utvalet utan realitetsbehandling.

## **Avgjerd**

Ungdommens fylkesutval stiller seg positive til auken frå 200 000 til 400 000, i budsjettposten "utlån av fylkeskommunale gymsalar", då dette er eit nyttig tilbod for barn og unge.

Eit av måla til Ungdommens fylkesting er at «Hordaland fylkeskommune må arbeide for å gjere

kollektivtransport meir attraktiv for ungdom». Under dette målet er det tre tiltak:

- a. UFT meiner at prisen på ungdomskort ikkje bør overskride 45% av pris for periodeskyss for vaksne per månad. UFU ser at UngSkyss nå er 46,8% av vaksenbillett. Det er viktig for ungdom å ha eit bra og rimeleg kollektivtilbod, da dette er ein målgruppe som ikkje har tilgang til bil. Særleg i distrikta, med lengre avstandar, er det viktig å kunne kome seg til dei tilboda som er, og da er det eit hinder om prisen vert for høg. Det vil gjere terskelen for deltaking for ungdom høgare dersom pris for transport vert på eit slikt nivå at ungdomane sjølve eller familiane deira ikkje kan dekke det. UFU ber derfor politikarane om å sjå til at UngSkyss vert redusert til 350 kr, som er 45% av vaksenbillett. Ved å halde seg til 45% vil Skyss kunne sikre ein jamn utvikling som er i tråd med prinsippet om at ungdom skal ha ein redusert pris.
- f. UFU skal arbeide for gratis internett på kollektivtransport i fylket. UFU skal arbeide for at det blir gratis internett på all kollektivtransport i fylket. Det er viktig å gjere kollektivtransport mest mogleg attraktivt for andre, særskild ungdom. Internett er noko som kan hjelpe ungdommen å få sendt skulearbeid medan dei sit på bussen. Det ynskjeleg at det blir ført opp ein post til arbeid med å opprette gratis internett på all kollektivtransport.
- h. UFU skal jobbe for at ungdomskortet til skyss også skal gjelde busstider med nattakst. Nattakst har vert eit stort hinder for ungdommar å bruke kollektivtransport om natta. Det er viktig å ha eit rimelig tilbod, også om natta, slik at folk kjem seg trygt heim. Det er derfor ynskeleg at nattaksten også skal gjelde med ungdomskortet, eller fjernast.

UFU ser at tiltaka vi ønskjer å få gjennomført vil vere ein kostnad for fylkeskommunen. Vi meiner at dette er ein prioriteringssak og at politikarane ved å gjere slike tiltak visar at dei prioriterer ungdom. Når det er sagt ønskjer UFU å jobba mot generasjonsdiskriminering ved å føreslå at rabatt for honnørbillett og studentbillett vert jamstelt. På den måten ser UFU at fylkeskommunen kan dekke inn ein del av tapet ein gjer ved til dømes å halde UngSkyss til 45% av vaksenbillett.

Ungdommens fylkesting ynskjer midlar til at talet rådgivarar, samt deira stillingsprosent og tilgjengelegheit, skal reflektere talet elevar ved skulen dei er rådgivar på. Uavhengig av elevtalet bør skulane ha rådgivar med minimum 70% stilling.

Ungdommens fylkesting ynskjer midlar til å opprette eit elev- og lærling ombod. Vi foreslår derfor en budsjettpost under opplæring og helse der det blir satt av MNOK 1. Dette talet har vi frå at vi har sett på dei ulike fylkane rundt, der vi fann ut at Sogn og Fjordane har 834.000kr sidan 2013, og det står same tal fram til 2017 i deira budsjett.

## **PS 71/15 Ymse**

### **Saksprotokoll i Ungdommens fylkesutval - 05.11.2015**

Ikkje noko til ymse.